



Orion frå Andøya flyg over Stord på flydagen

Til hausten har Stord lufthamn eksistert i 30 år og det vert markert med ein flydag 20. juni, melder lufthamnsjefen, uskedelingen Jan Morten Myklebust. Det vert utstilling av fly og helikopter først på dagen og så kjem flyoppvisninga med fleire høgdepunkt. Den startar med at Luftforsvaret flyg over med ein Orion frå Andøya. Dakota Norway lokkar med rundflyging med den flotta maskinen sin frå siste verdskrig og Danish Air Transport med Stordflyet. Det vert også rundflyging med helikopter og eit russisk jagarfly. Eller kan kanskje eit tandemhopp frista?



Foto: Mark Watt

Ein MIG-15 kjem også til Stord

Oppvisninga omfattar også Russian Warbirds of Norway med 2 jagarfly, ein MIG-15 som vart nytta under den kalde krigen og mange andre veteran- og akrofly. Ein Harvard T-GG står også på lista. Det er også fallskjermhopping. Oppvisninga varer frå 14 til 16.30.



Dakotaen var litt av ein arbeidshest

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Stord lufthamn.